

# Kva skal eg sjå etter?

## Risikofaktorar som kan stadfeste bekymringa di

### Trekk ved barnet/ungdommen: (Korleis er det med)?

#### Barnet sitt forhold til vaksne

- Forholdet til foreldra
- Relasjonar til vaksne

#### Barnet sitt samspel med andre born, leikeevne og sosial kompetanse

- Det sosiale nettverket (rus, gjengtilknytning)
- Relasjonar til andre born
- Forholdet til sysken
- Sosial deltaking
- Leik, samleik/ rolleleik/ parallell leik
- Åtferd (utagerande/ stille/ innadvendt)
- Humør (smil/gråt)

#### Barnet sin konsentrasjon

- Allmenntilstanden (trøytt/ uopplagd)
- Konsentrasjon/uthald
- Lekser
- Fagleg nivå
- Språk/ omgrepsutvikling
- Punktlegheit/ fråver

#### Barnet si fysiske utvikling og aktivitet

- Grov-/ finmotorikk
- Høgde/ vekt
- Hygiene (kropp /klede)

### Teikn til bekymring hjå barn

- Engsteleg
- Manglande mimikk
- Vanskar med søvn
- Framstår som innelukka, ulukkeleg, nedtrykt, apatisk, trist

- Klagar over fysiske smerter (hovud- og/eller magesmerter)
- Ekstremt pliktoppfyllande
- Overdreven ansvarleg og dyktig til å tilpassa seg
- Umotivert gråt og angstreaksjonar
- Fysiske symptom (til dømes unaturleg sår, merke, underlivssmerter, problem med tannpuss, vanskar å eta, store og/eller tilbakevendande bleieutslett)
- Sjølvskadande åtferd
- Hjelpeløyse, passivitet, tausheit og isolasjon
- Ufrivillig vasslating
- Ikkje adekvat vekst utan biologisk årsak. Ekstrem svolt. Sterk- over eller undervekt
- Ofte lite tenleg påkledning i høve årstida
- Forsømt hygiene, uvaska, skitne klede, ustelt, dårleg tannhelse
- Påfallande seksuell åtferd, til dømes i leik
- Manglande oppfølging av kontrollar på helsestasjon eller naudsynt medisinsk behandling.

### Særlege teikn hjå barn opp til to år

- Anspent, passiv eller tilbaketrekt
- Vanskeleg å regulera søvn, mat, merksemd og stimulering
- Utforskar omverda utan å søkja støtte eller anerkjenning frå vaksne
- Utrøysteleg, skriketokter, panikkanfall
- Utrygg
- Hovuddunking
- Vanskar i overgangssituasjonar over tid

### Trekk ved foreldrefunksjonen: (Har foreldra)?

- Ei realistisk oppfatning av barnet/ ungdommen? Foreldre tillegg barnet ufordelaktige eigenskapar
- Realistiske forventningar til barnet/ ungdommen si meistring? Ser barnet i samsvar med utviklingstrinnet sitt, set ikkje for høge eller låge forventningar, slik at barnet/ ungdommen får eit urealistisk sjølvbilete, eller følelse av nederlag
- Positiv engasjert i barnet/ungdommen? Observer forelder og barnet/ ungdomen sitt samspel
- Empati med barnet/ungdommen? Kanskje det viktigaste. Syner forelder forståing for barnet si sorg og vonde opplevingar? Handlar dei adekvat i forhold til opplysningar dei får om barnet/ungdommen? For eksempel lett-kledde born i vinterkulda
- Prioriterer born/ ungdommen sine behov? Er egne behov viktigast? Kan dei utsettast til born/ ungdom sine behov er dekkja? Ser forelder samanheng mellom egne handlingar og konsekvensen for barnet/ ungdommen?

- Evna til å bere eiga smerte og frustrasjon utan å måtte avreagere på barnet?  
Observer frustrasjonstoleransen.

### **Trekk ved familiesituasjonen:**

- Møter foreldra til foreldremøte og konferansar?
- Korleis vert samarbeidet med foreldra opplevd?
- Korleis vert den daglege oppfylginga opplevd?
- Korleis er familiesituasjonen? (Sjukdom, kriser)?
- Kva med sysken, tal, alder, funksjonshemmingar?
- Korleis blir barnet/ungdommen prioritert?
- Er det rusproblem i familien?
- Korleis er dei kjenslemessige banda mellom foreldre og born?

### **Risikosituasjonar eller situasjonar som kan skape sårbarheit hos barn/unge. Barn/unge som:**

- Opplever alvorleg sjukdom eller dødsfall i nær familie
- Er alvorleg sjuke eller sjuke over lang tid.
- Har føresette som flyttar frå kvarandre (skiljest)
- Flyttar (endå meir om dei har anna kulturbakgrunn)
- Har føresette med rusproblem, psykiske lidningar
- Har føresette med dårleg økonomi
- Som sjølve har rusproblem eller psykiske lidningar
- Som vert utsett for overgrep